

## **Meland kommune**

### **Reguleringsplan**

*Detaljregulering KV 1133 Myrvollane til Hestdal*

### **Planskildring**

(jf plan- og bygningslova § 12-7)

<b>Oppdragsgjevar:</b>	Meland kommune
<b>Oppdragsgjevar sin kontaktperson:</b>	Berit M. Eskeland
<b>Rådgjevar:</b>	Norconsult AS
<b>Oppdragsleiari:</b>	Ragne Rommetveit
<b>Fagansvarleg:</b>	Line Elvøy (veg), Aashild Lauvsnes Øren (plan), Magnus Reikvam (VA)
<b>Andre nøkkelpersonar:</b>	Marie Bell (Plankart, vegplan) Maria Zaytseva (Vegplan) Heidi Handeland (Kulturminne) Øystein Skofteland (ROS) Jan Inge Nilssen (VA)

04	2018-09-18	Planskildring for offentlig ettersyn	AaRR	AALOR	AaRR
<b>Versjon</b>	<b>Dato</b>	<b>Beskrivelse</b>	<b>Utarbeidet</b>	<b>Fagkontrollert</b>	<b>Godkjent</b>

*Dette dokumentet er utarbeidd av Norconsult AS som del av det oppdraget som dokumentet omhandlar. Opphavsretten tilhøyrer Norconsult. Dokumentet må berre nyttast til det føremålet som oppdragsavtalen angir, og må ikkje kopierast eller gjerast tilgjengeleg på annan måte eller i større utstrekning enn formålet tilseier.*

## Føreord

Meland kommune legg med dette fram forslag til detaljregulering KV 1133 Myrvollane til Hestdal.

Planen skal legge til rette for etablering av nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal og opprusting av Håtuftvegen inkludert krysset med Fv. 246 Melandsvegen.

Planen vart meldt til oppstart i juni 2018. Norconsult har vore engasjert som konsulent for arbeidet.

I Meland kommune har Berit M. Eskeland vore prosjektleiar. Norconsult sin oppdragsleiar har vore Ragne Rommetveit.

Planforslaget har desse dokumenta:

- ✓ Plankart
- ✓ Planføresegner
- ✓ Planskildring

I tillegg er fylgjande dokument vedlegg til planen:

- ✓ Teikningshefte teknisk vegplan
- ✓ Teikning Leidningstrasear vatn og avløp
- ✓ ROS-analyse
- ✓ Innkomne merknader til varsel om oppstart av planarbeidet

Norconsult, Bergen 14. november 2018

## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Bakgrunn</b>	<b>6</b>
1.1	Bakgrunn for planarbeidet	6
1.2	Føremål med tiltaket	6
1.3	Varsel om oppstart av planarbeidet	6
<b>2</b>	<b>Planstatus og overordna føringer</b>	<b>8</b>
2.1	Kommuneplanen	8
2.2	Tilhøvet til andre reguleringsplanar	8
<b>3</b>	<b>Skildring av planområdet</b>	<b>9</b>
3.1	Eksisterande veg	9
3.2	Landskap	9
3.3	Nærmiljø	10
3.4	Kulturminneverdiar	10
3.5	Naturmangfald	19
3.6	Naturressursar	21
3.7	Forureining	23
3.8	Støy	23
3.9	Tekniske anlegg	23
<b>4</b>	<b>Skildring av planforslaget</b>	<b>24</b>
4.1	Bakgrunn og val av løysing	24
4.2	Val av løysning/standard og dimensjoneringsklasse for veg	24
4.2.1	Håtuftvegen	24
4.2.2	Krysset FV 246 Melandsvegen – Håtuftvegen	26
4.2.3	Tilkomstar og avkøyringar	27
4.2.4	Fråvik	27
4.3	Arealbruk	28
4.3.1	Anlegg- og riggområde	29
4.3.2	Massebalanse	29
4.4	Støy	29
4.5	Leidningsnett og handtering av overvatn	29
4.6	Eigedomar og erverv	30
4.7	Kulturmiljø	30
<b>5</b>	<b>Verknader av planforslaget</b>	<b>31</b>
5.1	Landskapsbilete	31
5.2	Landbruk	31

---

5.3	Naturmangfold	31
5.4	Nærmiljø og friluftsliv	32
5.5	Kulturmiljø	32
5.5.1	Avbøtende tiltak	33
5.5.2	Anleggsfase	33
5.5.3	Vurdering av tilhøvet til Kulturminnelova	34
5.6	ROS-Analyse (samandrag)	34
5.7	Trafikktryggleik	35
5.8	Om YM-plan i byggefasen	35
<b>6</b>	<b>Oppsummering</b>	<b>36</b>
6.1	Innkomne merknader til oppstart	36
<b>7</b>	<b>Vedlegg</b>	<b>45</b>

# 1 Bakgrunn

## 1.1 Bakgrunn for planarbeidet

Tiltaka som skal inngå i planen har tidlegare vore prøvd gjennomført utan å måtte utarbeide ein detaljreguleringsplan. Utval for drift og utvikling ga i vedtak 42/2018 dispensasjon frå arealformål LNF i kommuneplanen sin arealdel for frådeling og opparbeiding av Håtuftvegen.

Statens vegvesen hadde ikkje merknad til dispensasjonen.

Fylkesmannen i Hordaland klaga ved brev av 16. mai 2018 på dispensasjonsvedtaket, «*etter ei samla vurdering (...) fordi det ikkje er søkt eller gitt dispensasjon frå plankravet og fordi saka er for dårleg opplyst til å kunne vurdere verknadane med tanke på landbruksinteressene.*»

Formannskapet i Meland har i møte 13. juni 2018 i sak 64/18 fatta slikt samrøystes vedtak i samsvar med tilrådinga frå rådmannen:

«*Formannskapet i Meland kommune godkjenner at det vert varsla oppstart av planarbeid for regulering av Håtuftvegen og Meland VBA med framlegg til planavgrensing som vist i saksutgreiinga.*»

## 1.2 Føremål med tiltaket

Meland kommune skal byggje nytt vassverk på Hestdal. Meland vassbehandlingsanlegg skal lokaliseras i søraustre ende av Hestdalsvatnet. Anlegget skal dimensjoneras for å forsyne heile kommunen med drikkevatt av godkjend kvalitet. Anlegget skal erstatte eksisterande vassbehandlingsanlegg.

Det eksisterande vassbehandlingsanlegget oppfyller ikkje krava til prosess og tryggleik i drikkevassforskrifta, men det skal oppretthaldast som framtidig reservevassverk.

Den nye løysinga for vassbehandling og -leveranse i Meland er utgreidd tidlegare, mellom anna ved forprosjekt utarbeidd av Cowi, datert august 2016. Det nye anlegget inngår i eit komplett nytt system med inntaksarrangement i Storavatnet, ca. 3 km inntaksleidning til Hestdal, leidningsanlegg VA ut frå anlegget, råvannspumpestasjon, handsamingsanlegg, reintvannsbasseng og trykkforsterkning for levering til høgdebasseng. I tillegg til bygging av sjølve anlegget, inneber dette mellom anna legging av nye, større overføringsleidningar mot Frekhaug.

For ytterlegare detaljar om vassbehandlingsanlegget og vassforsyninga viser vi til nemnde rapport og øvrig dokumentasjon knytt til vassbehandlingsanlegget. Dette er ikkje omtala ytterlegare i dette planarbeidet.

For å oppruste Håtuftvegen og for å sikre eit godt opplegg for etablering og vedlikehald av leidningane, skal VA--leidningane i størst mogeleg grad leggjast langs vegtraseen. Planen legg til rette for utbetring og omlegging av Håtuftvegen slik at vegen vert lagt utanom gardstuna. Vi legg til grunn at dette vil vere eit tiltak som samla sett også styrker landbruksinteressene.

## 1.3 Varsel om oppstart av planarbeidet

Varsel om oppstart av planarbeid var lagt ut til offentleg ettersyn i veke 24 2018, med merknadsfrist 18. juli 2018.

Alle innkomne merknadar er samla, referert og kommentert i eige kapittel i planskildringa.

Alle merknader er svart ut i oppsummeringstabellen i kapittel 6.1. Innspel som er relevante for utforming av planen, og som er teke til følgje, er innarbeida i planforslaget slik det ligg føre.

## 2 Planstatus og overordna føringar


### 2.1 Kommuneplanen

Arealet som vassbehandlingsanlegget skal byggast på er i hovudsak sett av til dette føremålet (offentleg føremål) i kommuneplan for Meland kommune 2015-2027. Deler av anlegget vil vere plassert i LNF-område.

Håtuftvegen ligg i LNF-område.

I føresegnene til kommuneplanen er det eit generelt plankrav til området.

Vi legg til grunn at tiltaket i all hovudsak er i samsvar med vedteken kommunedelplan.



Figur 1. Figuren viser utsnitt av gjeldande kommuneplan, der Håtuftvegen er vist nordvest langs SB 5 og T 6. SB 5 med mørk grønn farge er LNF spreidd busetnad, oT 6 med rosa farge er offentlig eller privat tenesteyting (Vassbehandlingsanlegget).


### 2.2 Tilhøvet til andre reguleringsplanar

Planområdet grenser ikkje til eller rårar gjeldande reguleringsplanar.



### 3 Skildring av planområdet

Planområdet strekk seg frå kryss FV 246 Melandsvegen - Håtuftvegen i sør til like nord for nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal.



Figur 2. Illustrasjon av planavgrensing ved oppstart av planarbeidet

#### 3.1 Eksisterande veg

FV 246 Melandsvegen og KV 1133 Håtuftvegen har låg standard, med svingete og smal bilveg. Det er dåleg sikt og ikkje tilbod for gåande og syklande på strekninga

Dagens ÅDT (årsdøgntrafikk - gjennomsnittleg køyretøy per døgn) på FV 246 er 150, ein antar at ÅDT på Håtuftvegen er noko lågare.

Det er ingen registrerte trafikkuulykker på Håtuftvegen, jf. Nasjonal vegdatabank (NVDB).

Kollektivtilbodet er Skyss rute 346 Bergen – Ådland.

Frå Ådland	Måndag - fredag											Laurdag		Søndag
Ådland.....	6.23	....	7.28	....	7.51s	9.18	12.57	14.38s	15.08	16.38	17.36	10.28	15.28	20.14
Espetveit.....	6.30	....	7.35	....	7.58s	9.25	13.04	14.45s	15.15	16.45	17.43	10.35	15.35	20.21
Håtuft.....	....	7.33s	....	7.56s	....	9.34	....	....	....	....	....	....	....	....
Myrvollane.....	6.35	7.40s	7.40	8.03s	8.03s	9.39	13.09	14.50s	15.20	16.50	....	10.40	15.40	20.26
Grasdal skule.....	6.39	7.44s	7.44	8.07s	8.07s	9.45	13.14	14.54s	15.24	16.54	17.48	10.46	15.44	20.30
Fossesjøen.....	6.45	....	7.50	....	8.11s	9.51	13.21	15.00s	15.30	17.00	17.54	....	....	....
Øvre Fosse.....	....	7.50s	....	....	8.13s	....	....	....	....	....	....	10.52	15.50	20.36
Sagstad skule.....	....	7.53s	....	....	8.16s	....	....	....	....	....	....	10.55	15.53	20.39
Frekhaug terminal.....	....	7.57s	7.57	....	8.20s	9.58	13.28	....	....	....	17.58	10.59c	15.57c	20.43
Flatøy.....	6.48a	....	8.03b	....	8.25s	10.03	13.33	15.03s	15.33	17.03	18.03	11.03c	16.03c	20.48
Ank. Knarvik.....	7.10	....	8.10	....	8.40	10.15	13.45	15.10	15.45	17.15	18.15	....	16.15	....
Flatøy.....	6.50	....	8.05	....	8.35	10.05	13.35	15.05	15.35	17.05	18.05	11.05	16.05	21.05
Beræen busstasjon.....	7.28	...	8.43	...	9.13	10.43	14.13	15.43	16.13	17.43	18.43	11.43	16.43	21.43

Figur 3. Bussrute - Skyss 346 Ådland - Frekhaug - Flatøy - (Knarvik – Bergen)

#### 3.2 Landskap

Jordbruk er eit sentralt element i landskapet, med skogdominerte bakland. Her er generelt lite lausmassar eigna til store eng- og åkerbruk, men trass i det set jordbruket preg på landskapet. Og sjølv om det var slutt på eldre former for hausting, med ljå, hest, lett traktor og slåmaskin, for 30-50 år sida, er framleis landskapet prega av ulike tradisjonelle typar kulturmark.

Sjå og pkt. 3.4.

### 3.3 Nærmiljø

Det er spreidd busetnad langs planområdet, primært knytt til området med spreidd busetnad SB 5. Sjå og pkt. 3.4.


### 3.4 Kulturminneverdiar

Vurderingane knytt til kulturminne er basert på Riksantikvaren sin nasjonale kulturminnedatabase Askeladden, SEFRAK-registrering i 1993, arkeologisk registreringsrapport frå Hordaland fylkeskommune og synfaring 07.08.18.

Planområdet ligg i eit lite daldrag frå søraustre ende av Hestdalsvatnet (10 moh) og søraustover til krysset med fv 246 Melandsvegen. Heile vestre del av planområdet frå vassenden og fram til Gnr 30 bnr 1 er eit kulturlandskap med preg av førmaskinelt og moderne jordbruk. Austlegaste del av planområdet har karakter av utmark med ei myr heilt søraust ved krysset til fv 246. Det er per i dag ikkje kjent automatisk freda kulturminne eller andre kulturminne med formell vernestatus innanfor eller umiddelbart nær planområdet.

I planområdet og i nært tilstøytande areal er det oppført 11 ståande bygningar og 8 ruinar i SEFRAK-registeret. Av dei ståande bygningane er 9 frå før 1850 og 2 frå etter 1850. SEFRAK-registrerte bygningar er i hovudsak konsentrert til tuna på Gnr 30 bnr 1, Hestdal og Treet, og omgjevnadene rundt tuna. Eit naust lengst vest i planområdet er i dag borte. Naustet var frå 1910 og høyrde til Treet. Dei andre bruka har naustplass lenger vest. Heilt i utkanten lengst søraust i planområdet ligg ei tuft av eit torvhus, aust for krysset mellom Håtuftvegen og Melandsvegen.

Vestre del av planområdet frå Hestdalsvatnet fram til og med tunet på Gnr 30 bnr 1 vurderast å vere eit samanhengande kulturmiljø og kulturlandskap med gardstun, jordkjellarar, steingardar, bakkemurar, klopper og eit eldre vegfår ved Gnr 30 bnr 1. Fleire av dei eldre bygningane i området framstår å vere i bruk. Tufta av torvhuset heilt i utkanten av det varsla planområdet lengst aust vurderast som ein einskild lokalitet med noko kulturhistorisk verdi.



Figur 4 Utsnitt frå Askeladden; registrerte SEFRAK-bygningar i planområdet og dei næraste omgjevnadene.

### Treet gnr 30 bnr 2

Naust, fjerna (SEFRAK 1256-0202-091).

Våningshus frå før 1850, saltebu flytta frå Alverstraumen i 1908. Tilbygg i 1923 og 1970 (SEFRAK 1256-0202-086) (fig.4).

Våningshus frå før 1850, flytta frå Osterfjorden på 1800-talet. I dag ombygd eller fjerna (SEFRAK 1256-0202-088).

Vedhus, fjerna (SEFRAK 1256-0202-087).

Ein jordkjellar skal ligge aust for eksisterande veg ved Treet. Denne synest å vere feilplassert på kart (SEFRAK 1256-0202-090).

Ei tuft frå eit smalehus er registrert sør for tunet (SEFRAK 1256-0202-089). Flyfoto indikerer at dette er fjerna.





Figur 5 Treet med markerte SEFRAK-registrerte bygninger. Flyfoto frå askeladden.no.



Figur 6 Våningshus på Treet.



Figur 7 Treet til venstre i bildet. Hestdalsvatnet i bakgrunnen.

#### Hestdal gnr 30 bnr 3, 4 og 8

Våningshus gbnr 30/3 frå før 1850. Tilbygd stove i vest 1894, grue vart fjerna og torvtak erstatta med skifer i 1907. Tilbygg i 1973 (SEFRAK 1256-0202-108).

Løe gbnr 30/3 frå før 1850. Løa vart rive i 1928 og ny løe sett opp på dei gamle murane. Bygd silo og tak over låvebru i 1993 (SEFRAK 1256-0202-109).

Jordkjellar gbnr 30/3. Registrert som ruin men framstår i bra tilstand. Synest å vere kartmarkert for langt aust (SEFRAK 1256-0202-110).

To eldre bygningar ligg aust for tunet, på austsida av eksisterande veg. Ein er ein ståande bygning (bustadhus?) og ei løetuft. Jordkjellaren ligg nærare den gule bygningen enn det som framgår på kartet.

Jordkjellar gbnr 30/8 i utkanten av dyrka marka på austsida av eksisterande veg og aust for traktorvegen. Ei klopp over bekken ligg like sør for jordkjellaren. Den er registrert som ruin i SEFRAK-registeret, men framstår i bra tilstand. Synest å vere kartmarkert for langt aust (SEFRAK 1256-0202-097).

Løe frå 1922 (gbnr 30/4), og jordkjellar og ruin av eit smalefjøs (gbnr 30/8) ligg like utanfor det varsla planområdet.





Figur 8 Hestdal med markerte SEFRAK-registrerte bygningar. Omtrentleg korrigeret lokalisering av jordkjellarer er vist med raudt omriss. Løetufta ligg søraust for jordkjellaren. Flyfoto frå askeladden.no.



Figur 9 Våningshus og løe på bnr. 3. Det gule huset lengst til høgre er ikkje SEFRAK-registrert og er yngre enn våningshuset.





Figur 10 Hestdal. Løe frå 1928 på gammel grunnmur midt i bildet, løe frå 1922 til høgre.



Figur 11 Jordkjellar, bnr. 4. Høg nærføring til vegtrasè.



Figur 12 Jordkjellar, bnr. 8. Klopp like nedanfor.



### Gnr 30 bnr 1

Våningshus frå før 1850, flytta til Gnr 30 bnr 1 i 1893-1894. Påbygd i 1894 og 1950 (SEFRAK 1256-0202-099).

Løe frå før 1850, flytta til Gnr 30 bnr 1 i 1893 (SEFRAK 1256-0202-100).

Vedhus frå før 1850 (SEFRAK 1256-0202-101).

Jordkjellar, ikkje gjenfunne. Viss den er rett kartmarkert ligg den heilt i utkanten eller like utanfor det varsla planområdet (SEFRAK 1256-0202-102).

Jordkjellar om lag 180 m aust for løa. Registrert som ruin. Tilstand i dag er bra (SEFRAK 1256-0202-103).

Tunet og innmarksbeitet er omkrinsa av steingardar i sør og vest. Ein eldre oppmurt veg går frå tunet og sørover gjennom steingarden.



Figur 13 Gnr 30 bnr 1 med markerte SEFRAK-registrerte bygningar. Det eldre vegfaret er synleg frå tunet og sørover. Flyfoto frå askeladden.no.





Figur 14 Gnr 30 bnr 1, med raud løe og kvitt våningshus. Eldre vegfar til venstre i biletet.



Figur 15 Vedhus bnr. 1. Høg nærføring til vegtrasè.



Figur 16 Jordkjellar bnr. 1. Høg nærføring til vegtrasè.



Torvhus, Åsli gnr 16 bnr 1.

Heilt søraust i planområdet er registrert ei tuft av eit torvhus (SEFRAK 1256-0209-037). Torvhuset har to rom og har mykje bevart av grunnmuren eller steinveggane. Torvhuset vart bygd etter utskifting i 1903/1904. Huset skal vere påbygd til grunnflata murane viser no, det er ikkje opplyst når påbygginga skjedde.



Figur 17 Tuft etter torvhus på Åsli.



Figur 18 Tuft av torvhus på oppsida av vegen, like før vegkrysset mellom Håtuftvegen og Melandsvegen.



### 3.5 Naturmangfald

Det er ingen kjente registreringar med førekomstar av stor verdi for naturmangfald innanfor planområdet.

Ved vegkrysset på Myrvollane (sør i planområdet) er det lokalisert ei djup torvmyr (< 5 dekar) med sterkt omdanna øvre og nedre torvlag. Slike torvmyrer har generelt ein viktig flaumdempande effekt, karbonlagringsfunksjon, samt stort innhald av edderkoppar og insekt i øvste lag av torvmosen. Torvmyra har dei siste 50 åra vore gjengrodd med lauvskog (mindre preg av myr på overflata) og kan synast å vere i siste suksesjonsfase (klimaksfase), med noko små open vasspegel i overflata (sjå figur 2).




Figur 1. Eksisterande inngrep i myra ved tangering av veg i nordleg og sørleg del. Historisk ØK-kart til venstre (kjelde: historisk ØK-kart frå kilden.no) og flyfoto frå 1966 til høgre (kjelde: Norgebilder.no).




Figur 2. Vegbilette mot myra viser små felt med open vasspegel og ein del skog (Kjelde: Sinus.infra - Meland kommune).





Figur 3. Ortofoto av myra. Myra er i si siste suksessjonsfase, og er gjengrodd av lauvtre.

Like utanfor planområdet, på Hestdal, er det registrert ein lokalitet av naturtypen «rik edellauvskog» som er vurdert til viktig verdi (B-verdi). Skogslokaliteten er registrert som alm- og lindeskog og er noko truga av tilplanting av gran, hogst og framande treslag (platanlønn). På lokaliteten er det gjort funn av den raudlista arten randprikklav (vurdert som sårbar art, EN).



Figur 4. Viktig naturtype registrert like utanfor planområdet på Hestdal. På skogslokaliteten er det registrert lav som er raudlista som sårbar (VU).

### 3.6 Naturressursar


Naturressursar som skal skildrast i denne samanhengen er ressursgrunnlaget til primærnæringane som, jord- og skogbruksressursar, og evt. mineral- og lausmasseressursar. I tillegg andre ressursar som vatn, både som energiresurs, drikkevassressurs o.l.

Aktuelle naturressursar i området er knytt til landbruk og bruk av Hestdalsvatnet som drikkevasskjelde.

Heile planområdet er omfatta av KPA - sikringssoner (H190\_1) Rylandsvassdraget - verneplan for Rylandsvassdraget. Vi viser til forvaltningsplan for Rylandsvassdraget.


For nærare informasjon om kvar eining, viser vi til nettstaden Gårdskart – NIBIO.

Planområdet omfattar i hovudsak tre einingar.




Figur 19 Gnr 30 bnr 1. Utsnitt av Gårdskart – NIBIO. Areal er oppgitt i dekar.





Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebyggd, samf., vann, bre	Ikke klassifisert	
18,7	3,6	25,8	87,5	184,5	2,5	0,0	
18,7	3,6	25,8	87,5	184,5	2,5	0,0	

Figur 20 Gnr 30 bnr 3. Utsnitt av Gårdskart – NIBIO. Areal er oppgitt i dekar.



Fulldyrka jord	Overflatedyrka jord	Innmarksbeite	Produktiv skog	Annet markslag	Bebygg, samf., vann, bre	Ikke klassifisert	
18,4	0,0	39,2	48,2	7,1	4,5	0,0	
7,7	2,9	53,5	176,1	62,6	2,6	0,0	
26,1	2,9	92,5	224,3	69,7	7,1	0,0	

Figur 21 Gnr 30 bnr 2 og 4. Utsnitt av Gårdskart – NIBIO. Areal er oppgitt i dekar.

### 3.7 Forureining

Det er ikkje mistanke om forureina grunn og luftforureining er ikkje eit tema i denne planen.

### 3.8 Støy

Planområde er i dag særst lite støyutsett.

### 3.9 Tekniske anlegg

Dagens vassbehandlingsanlegg ligg innafør planområdet, ved Hestdalsvatnet. Anlegget med tilhøyrande leidningsframføring vil bli erstatta av nytt anlegg og dagens anlegg vil gå over til å ha ein beredskapsfunksjon.

## 4 Skildring av planforslaget

### 4.1 Bakgrunn og val av løysing

Meland kommune skal bygge nye vass- og avlaupsleidningar frå vassbehandlingsanlegget på Hestdal til Myrvollane. Leidningstraseen skal også vidareførast til Melandskaret og Moldekleiv på lengre sikt.

Eksisterande vassleidning går over landbruksjord langt frå veg. Å legge ny leidning i same trase vert vurdert som ei dårleg løysing. Årsaka til dette er dårleg tilkomst for vedlikehald av leidning, mykje arbeid og høge kostnader ved å krysse jordbruksgrøfter, utfordringar med å få avtale med grunneigarar om trase og problem med å oppretthalde vassforsyninga i anleggsperioden.

Kommunen ønskjer i staden å leggje leidningane langs Håtuftvegen. Dette vil vere den beste løysinga for VA-anlegget isolert sett, dette gir i tillegg høve til å samstundes utbetre Håtuftvegen som i dag har låg standard og utfordringar knytt til trafikktryggleik. Der omlegginga går over matjord vil jorda bli teke vare på og omplassert i samråd med grunneigar. Deler av eksisterande veg som skal fjernast, vil kunne nyttast til matjord.

Då det fleire stader ligg bygningar kloss i vegen vil det ikkje vere mogleg å berre utvide vegen, den må leggjast om eit par stader. I tillegg er det eit par strekk som er så smale at for å få plass til leidnings-trase og trafikkavvikling må det sprengjast vekk fjell langs vegen. Meland kommune som tiltakshavar ynskjer å leggje om vegen permanent utanom gardstuna.

Håtuftvegen har i dag låg standard. I tillegg går den også i ein trafikkfarleg trase gjennom to gardstun og langs strekningar med dårleg sikt. Grunneigarane langs vegen har uttrykt stor bekymring for trafikktryggleiken langs vegen.

Ei permanent vegomlegging vil gjere Håtuftvegen vesentleg meir trafiksikker. Kommunen ønskjer ikkje å utvide vegen ytterlegare ettersom dette kan innby til høg fart. Håtuftvegen har i dag ei fartsgrense på 50 km/t.

Meland kommune som tiltakshavar har vore i dialog med grunneigarane langs Håtuftvegen som vert direkte påverka av vegomlegginga, og desse er i utgangspunktet positive til tiltaket. Det vil bli inngått eigne grunneigaravtaler om kjøp av grunn for veg der dette er aktuelt.


### 4.2 Val av løysning/standard og dimensjoneringsklasse for veg

Planområdet strekk seg frå kryss FV 246 Melandsvegen – KV 1133 Håtuftvegen i sør til like nord for nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal og er om lag 1320 m lang. Ny vegtrasé fylgjer i stor grad dagens veg.

#### 4.2.1 Håtuftvegen

Val av standardklasse og geometrisk utforming fylgjer Statens vegvesen sine normalar (Handbok N100 Veg- og gateutforming og Handbok N200 Vegbygging). I høve til handbok N100 er vegklasse A3 med fartsgrense 50 km/t og total vegbreidd 4 meter lagt til grunn på KV 1133, Håtuftvegen.





Figur 22 Normalprofil for dimensjoneringsklasse A3 (Statens vegvesen 2014a)

Det er krav til møteplassar med 250 m avstand og fri sikt mellom møteplassane. Møteplassane skal ha ein total lengde på 50 m.

Ved planlegginga av den nye vegen er det lagt stor vekt på å få til eit funksjonelt og trafiksikkert vegsystem ved at vegen er planlagt med jamn kurvatur, gode siktforhold.


Krav om slakare kurvatur og større grøftebreidde gjer at ein på fleire parti ikkje kan fylgja dagens vegtrasé. Vegen må difor leggast noko om.

Ved profil 170 skal vegen utvidast og det skal leggjast nye VA leidningar i vegen. Vegen går i ein bakketopp med dårleg sikt. Her må horisontalkurven slakast ut for betre sikten og det må byggast ny mur mot eksisterande bygg.




Figur 23 Profil 170

Ved Gnr 30 bnr 1 vert vegen lagt om i ein strekning på om lag 150 m for å sikre trafikktryggleiken på gardstunet. Mellom profil 620 og 660, skal det byggjast ein mur mot eksisterande bygg og dagens veg skal behaldast.




Figur 24 Gnr 30 bnr 1

Mellom profil 730 og innkøyringa til Hestdal, vert vegen lagt om i ein strekning på om lag 150 m for å sikre trafikktryggleiken i gardstunet.



Figur 25 Hestdal

I profil 1500 ved det eksisterande vassbehandlingsanlegget skal det etablerast ein parkeringsplass som vil kunne nyttast av dei som nyttar seg av området til friluftsliv.




Figur 26 Parkering ved Hestdalsvatnet

Eksisterande landbruksavkjørsler vi bli vidareført som i dag, i samråd med grunneigarane.

#### 4.2.2 Krysset FV 246 Melandsvegen – Håtuftvegen


Val av standardklasse og geometrisk utforming fylgjer Statens vegvesen sine normalar (Handbok N100 Veg- og gateutforming og Handbok N200 Vegbygging). I høve til handbok N100 vegklasse Sa3 med fartsgrense 80 km/t og total vegbreidd 4 meter lagt til grunn på FV 246.



Figur 27 Normalprofil for dimensjoneringsklasse Sa3 (Statens vegvesen 2017a)

Dagens veg har ikkje horisontal- og vertikalkurvatur etter Hb N100 sine krav til ein Sa3 veg. Det er ikkje mogleg å ha ein hastighet på 80 km/t på denne vegen i dette krysset og det er låg trafikk på

vegen. Kravet til sikt er difor redusert i kryssområdet. Kravet til sikt er redusert til ein hastigheit på 50 km/t (6 x 60 m). Krysset vert flytta til ein rett strekning for å betre trafikktryggleiken. Det må sprengjast eit lite området for å oppnå krav til sikt.



Figur 28 Sikt i kryss

#### 4.2.3 Tilkomstar og avkøyringar

Det er gjort naudsynt sanering av eksisterande landbruksavkøyringar og tilkomstar til bustadhus.

Konkrete tilpassingar vil bli gjort i anleggsfasen i samråd med den einskilde grunneigaren, mellom anna når det gjeld plassering/bruk av matjord.

#### 4.2.4 Fråvik

Vegstrekningen Fv 246 Melandsvegen – KV 1133 Håtuftvegen har 2 strekningar med 10 % stigning. Profil 115-150 og profil 890-1030, kravet til stigning/fall på A3 veg er 8 %.

Kravet til høgbrekksradie på A3 veg er 1100. I profil 170 har vi lagt inn eit høgbrekk på 600 for å betre sikten. I profil 1150 har vi lagt inn eit høgbrekksradie på 600 ved eksisterande gardsbruk.

I kryssområdet mellom Fv 246 og KV 1133 er sikta redusert pga låg hastigheit og trafikk.

### 4.3 Arealbruk

Under er det ei oppstilling av arealføremåla i reguleringsplanen med areal i daa for kvart av formåla.

<b>Bestemmelsesområder</b>	
Bestemmelseområde	Areal (daa)
Anlegg- og riggområde (10)	36,0
<b>Sum areal denne kategori:</b>	36,0
<b>Totalt alle kategorier: 36,0</b>	

<b>Arealtabell</b>	
<b>§12-5. Nr. 1 - Bygningar og anlegg</b>	<b>Areal (daa)</b>
1160 - Offentleg eller privat tenesteyting	1,0
1541 - Vassforsyningsanlegg (2)	4,0
<b>Sum areal denne kategori:</b>	5,0
<b>§12-5. Nr. 2 – Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur</b>	<b>Areal (daa)</b>
2010 - Veg	0,7
2011 - Køyrevæg (8)	7,5
2018 - Annan veggrunn – teknisk anlegg (5)	0,4
2019 - Annan veggrunn – grøntareal (12)	11,7
2082 - Parkeringsplassar (9)	0,0
<b>Sum areal denne kategori:</b>	20,4
<b>§12-5. Nr. 5 – Landbruks-, natur- og friluftformål og reindrift</b>	<b>Areal (daa)</b>
5100 - LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert på ressursgrunnlaget på garden (6)	34,8
5210 - Spreidde bustader	1,3
<b>Sum areal denne kategori:</b>	36,2
<b>Totalt alle kategorier: 61,6</b>	

<b>Hensynsonetabell</b>	
<b>a.1 sikringssoner</b>	<b>Areal (daa)</b>
Frisikt (16)	1,2
Andre sikringssoner	60,4
<b>Sum areal denne kategori:</b>	61,6
<b>c) Sone med særlege omsyn til landbruk, reindrift, friluftsliv, grøntstruktur, landskap eller bevaring av naturmiljø eller kulturmiljø med opplysning om interesse</b>	<b>Areal (daa)</b>
Bevaring kulturmiljø (3)	0,7
<b>Sum areal denne kategori:</b>	0,7
<b>d) Bandlegging</b>	<b>Areal (daa)</b>
Bandlegging etter andre lover	0,0
<b>Sum areal denne kategori:</b>	0,0
<b>Totalt alle kategorier: 62,3</b>	

#### 4.3.1 Anlegg- og riggområde

Det er sett av areal til mellombels riggområde for bygging av vassbehandlingsanlegget. Arealet skal nyttast i anleggsfasen. Dette arealet blir midlertidig bandlagt fram til seinast eitt år etter at vassbehandlingsanlegget er ferdigstilt.

#### 4.3.2 Massebalanse

I samband med bygging av nytt vassverk må det sprengjast vekk mykje fjell. Desse steinmassane ønskjer kommunen å bruke som fundament til vegomlegginga. Dette vil gje kort reiseveg for steinmassane og vere positivt for miljø, trafikktryggleik og økonomi i prosjektet.

Der omlegginga går over matjord vil jorda bli teke vare på og omplassert i samråd med grunneigar. Deler av eksisterande veg som skal fjernast, vil kunne nyttast til matjord.

Det er ikkje gjort berekningar av omfang/m<sup>3</sup> stein og matjord som blir tilgjengeleg.

#### 4.4 Støy

Vi legg til grunn at trafikkvolumet på den opprusta Håtuftvegen er så lite at det ikkje er aktuelt å utarbeida støykart.

#### 4.5 Leidningsnett og handtering av overvatn

Med utgangspunkt i at planen ikkje inneheld regulering til bustadføremaal er det ikkje utarbeida VA-rammeplan til planen.

## 4.6 Eigedomar og erverv

Vegutvidinga fører med seg mindre tiltak og inngrep i private eigedomar langs traseen.

Med utgangspunkt i plan- og bygningslova sine reglar for innløyising og erstatning som følgje av reguleringsplan, vil kommunen foreta naudsynte avklaringar med grunneigarar. I denne dialogen vil og kommunen og grunneigarane avklare korvidt vegareal som blir frigjort til tilbakeføring til dyrka mark, skal tilbakeførast til landbruksareal.

## 4.7 Kulturmiljø

Tiltak i planen vil ikkje råke viktige einskildelement som bygningar og jordkjellarar direkte, men ny veg vil få nærføring til jordkjellar og vedhus på gnr 30 bnr 1, og til jordkjellar og ei løetuft på gnr 30 bnr 3.

Jordkjellarane og vedhuset vert regulert til omsynssone c i planen for å sikre bevaring av desse.

## 5 Verknader av planforslaget

### 5.1 Landskapsbilette

Vassbehandlingsanlegget på Hestdal vil påverke landskapet både direkte og i eit større visuelt influensområde. Med utgangspunkt i at tiltaket er i samsvar med den plasseringa som er gjort i kommuneplanen, er ikkje konsekvensane for (det større) landskapsbiletet vurdert på nytt her.

Den konkrete utforminga av anlegget vil bli handsama ved byggesakshandsaminga av tiltaket.

Vegtraséen tar utgangspunkt i dagens trasé. Den opprusta vegen er eit nøkternt anlegg med eitt køyrefelt og geometri tilpassa 50 km/t. I dette landskapet er dette likevel ein struktur som nokre stader fører til meir omfattande terrenginngrep.

### 5.2 Landbruk

Tiltaket vil måtte krevje at en tek i bruk noko dyrka mark. Skjønnsmessig anslått vil tiltaket medføre eit permanent netto beslag av dyrka mark med om lag 7,7 dekar.

Omlegginga av vegen inneber ei skjerming av gardstuna langs vegen og soleis betre tilhøve for gardsdrifta. Eksisterande landbruksavkjørsler vi bli vurdert i byggefasen og vidareført som i dag, i samråd med grunneigarane.

Konsekvensene for landbruksinteressene er soleis både negative og positive.

Naturressursar for dei einssilde bruka, slik situasjonen er i dag før bygging, er det gjort greie for under pkt. 3.6. For ein ytterlegare detaljering av verknaden av planen for landbruket, viser vi til oversikta for kvar einssild eigeidom på <https://gardskart.nibio.no/landbrukseiendom/>, jf oppstillinga i pkt. 3.6.

For gnr 30 bnr 1 inneber tiltaket i hovudsak noko mindre reduksjon i areal som er klassifisert som produktiv skog.

For gnr 30 bnr 2 inneber tiltaket tap av fulldyrka jord og innmarksbeite. Det er dette bruket som taper mest jordbruksareal, ut frå at det er her kommunen har sett av areal i arealdelen til kommuneplanen, til sjølve vassbehandlingsanlegget.

For gnr 30 bnr 3 inneber omlegginga av vegen utanom gardstunet reduksjon av fulldyrka jord og overflatedyrka jord. Samstundes vil deler av det gamle vegarealet kunne takast i bruk til dyrka mark.

For gnr 16 bnr 1 inneber ny kryssløysing mot fylkesvegen tap av noko produktiv skog.

I tillegg er det behov for eit mellombels arealbeslag av dyrka mark med om lag 11,3 dekar.

### 5.3 Naturmangfald

Offentlege avgjerder som råker naturmangfaldet skal så langt det er rimeleg bygge på vitskapeleg kunnskap om arters bestandsituasjon, utbreiing av naturtypar og økologisk tilstand, samt effekten av verknadar. Kravet til kunnskapsgrunnlaget skal stå i et rimeleg forhold til sakens karakter og risiko for skade på naturmangfaldet (§8 i NML).

Med utgangspunkt i tilgjengelege databaser og kunnskap om planområdet, legg vi til grunn at det er tilstrekkeleg kunnskapsgrunnlag til å kunne vedta reguleringsplanen slik planen no er utforma, og at



planforslaget ikkje bryter med prinsippa i naturmangfaldlova. Det er ikkje føreteke egne vurderingar på staden.

Vegtiltaket vil ikkje råke førekomstar av stor verdi for naturmangfald, men vil gjere noko inngrep i ytterkanten av torvmyra sør i planområdet (generelt noko verdi for naturmiljøet). Delar av myrarealet vert regulert til SVG «Annan veggrunn – grøntareal», der det kan gjerast tiltak som vegskjeringar og -fyllingar. Noko mindre myrareal vert regulert som vegføremål (SKV - køyreveg).

Vegtiltak med fylling i grøntarealet vert vurdert som noko negativt for naturmiljø, med mindre forringing av funksjonen til myra. Vegen med annan veggrunn er difor plassert vekk frå myra, for ikkje å øydelegge myra som naturtype/funksjon.

## 5.4 Nærmiljø og friluftsliv

Planen vil styrke nærmiljø og friluftsliv, ved at trafikktilhøva blir meir oversiktlege og lagt vekk frå tuna, og ved at tilkomst til vatnet blir lettare i og med talet på parkeringsplassar ved enden av vatnet blir auka.

Ei ytterlegare regulering og tilrettelegging for friluftsføremål/idrett ville sjølvsagt bety ei ytterlegare styrking av friluftslivet. Vi viser her til uttalen til oppstart frå IL Kvernbit. Ut frå at dette planarbeidet kun er ein naudsynt del av opprustinga av den kommunale vassbehandlingsanlegg/-leveransen og planarbeidet har hast i høve til gjennomføringa av utbygginga av nytt vassbehandlingsanlegg, har kommunen ikkje prioritert å utvide planen til å inkludere andre tilhøve som til dømes naust/betre tilkomst til vatnet.

Innspelet frå IL Kvernbit vert teke delvis til følge ved at det vert regulert inn ein parkeringsplass ved vatnet.

## 5.5 Kulturmiljø

Nye tiltak i planen omfattar nytt vassbehandlingsanlegg, VA-leidningar og omlegging av vegen utanom gardstuna ved gnr 30 bnr 1 og 3. Leidningane skal i størst mogleg grad leggjast langs ny vegtrasè.

Nye tiltak, særleg vegtrasè med fyllingar, vil gi inngrep i kulturlandskapet og medføre noko tap av autentisitet og heilskap.

Tiltak i planen vil ikkje råke viktige einskildement som bygningar og jordkjellarar direkte, men omlagt veg vil få nærføring til jordkjellar og vedhus på gnr 30 bnr 1, og til jordkjellar og ei løtuft på gnr 30 bnr 3. Jordkjellarane og vedhuset regulerast til omsynssone c i planen for å sikre bevaring av desse.





Figur 29 Gnr 30 bnr 1 gnr 30 bnr 1. Vegen vil leggjast om og gå mellom den raude løa og vedhuset.



Figur 30 Hestdal gnr 30 bnr 3, løtuft. Ny veg vil gå omlag midt i biletet, på høgre sida av løtufta. Jordkjellaren ligg ved det høge treet midt i biletet.

### 5.5.1 Avbøtande tiltak

Fyllingar og terrenginngrep bør reduserast så mykje som mogleg i areal med høg nærføring til jordkjellarar og andre einskildobjekt av kulturhistorisk verdi.

### 5.5.2 Anleggsfase

Ved anleggsgjennomføring bør det visast varsemd i område kor det er høg nærføring til bygningar, jordkjellarar, steingardar og andre synlege kulturlandskapselement, slik at ikkje slike blir utsett for unødige inngrep eller skade.

Dersom ein under gjennomføring av tiltak skulle støyte på funn av automatisk freda kulturminne, må arbeidet straks stansast i den utstrekning det kan skade kulturminnet og kulturminnemynde kontaktast, jf. Kulturminnelova §8,2. ledd.

### 5.5.3 Vurdering av tilhøvet til Kulturminnelova

Baset på berekna strandforskyvingskurve og topografiske høve er det eit visst potensiale for funn frå steinalder, samt yngre periodar, i det aktuelle planområdet.

I samband med dispensasjonssøknad for omlegging av Håtuftvegen har Hordaland fylkeskommune utført arkeologisk registrering i planområdet juni 2018. Det vart gjort overflaterregistrering og maskinell søkesjaktning utan at automatisk freda kulturminne vart påvist. Undersøkningsplikt etter kulturminnelova §9 vurderast å vere oppfylt.



Figur 31 Areal for nytt vassbehandlingsanlegg, til venstre for eksisterande anlegg og veg i biletet.

## 5.6 ROS-Analyse (samandrag)

Plan- og bygningslova stiller krav om gjennomføring av risiko- og sårbaranalysar (ROS-analysar) ved all arealplanlegging, jf. Pbl. § 4.3: "Ved utarbeidelse av planer for utbygging skal planmyndigheten påse at risiko- og sårbarhetsanalyse gjennomføres for planområdet, eller selv foreta en slik analyse.»

Det er gjennomført ei analyse av risiko for liv og helse, miljøskade, økonomi, samfunnsviktige funksjonar og tenesteyting, der hovudprinsippa i NS 5814:2008 *Krav til risikovurderingar og retningslinene i DSBs rettleiar Samfunnssikkerhet i kommunens arealplanlegging (2017)*. Det er nytta risikoakseptkriterier som er definert i Meland kommune si overordna ROS-analyse.

ROS-analyse-rapporten ligg som vedlegg til denne planomtalen. Dette er eit kort samandrag av konklusjonen.

Analysen er gjennomført med følgjande steg:

- Fareidentifikasjon
- Sårbarvurdering
- Risikovurdering av uønskte hendingar
- Eventuelle risikoreduserande tiltak.

Fareidentifikasjonen avdekka fleire faremoment med relevans til tiltaka i planen eller planen sine omgjevnadar, men berre faren for akutt ureining gjennom kjemikalieutslepp vart vurdert å gje auka sårbarheit. Utslepp av kjemikaliar frå vasshandsamingsanlegget vart difor definert som ei uønskt hending og denne hendinga vart vurdert med omsyn på risiko.

Risiko knytt til uønskete hendingar vert uttrykt ved ein tredelt fargeskala: raud, gul, grøn, der hendingar som vert vurdert med raud risiko er uakseptable og risikoreduserande tiltak må gjennomførast før tiltaket kan etablerast. Gul risiko inneber at risikoreduserande tiltak kan setjast i verk om desse er realistiske i eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Grøn risiko inneber ingen trong for risikoreduserande tiltak.

For miljøskade, økonomi og samfunnsviktige funksjonar er det avdekt gul risiko for kjemikalieutslepp frå vasshandsamingsanlegget. Det tyder ikkje at risikoen er uakseptabel, men at tiltakshavar bør vurdere risikoreduserande tiltak dersom desse er realistiske å gjennomføre.

Anlegget som skal prosjekterast er føresett etablert etter gjeldande krav og normer for handtering og bruk av kjemikaliar. Det er difor vanskeleg på peike på tiltak knytt til utforminga av sjølv anlegget ut over fokus på sikker handtering av kjemikaliar. Gode rutinar for korleis kjemikalieutslepp skal oppdagast tidleg og rutinar for korleis avgrense utsleppa slik at naturskade vert minimal bør vere ein integrert del av kompetansen til dei som arbeidar ved vassverket.

Det er likevel ingen indikasjon på at lokaliseringa av dette vasshandsamingsanlegget er mindre gunstig enn samanliknbare anlegg. Det vil truleg i liten grad vere trong til spesifikke risikoreduserande tiltak.

## 5.7 Trafikktryggleik

Planframlegget er utarbeidd i samarbeid med Statens vegvesen.

Vi legg til grunn at regulert vegløyning vil gi ein betre trafikktryggleik, både når det gjeld krysset med fylkesvegen og i høve til dagens løysing med trafikk gjennom tun.

## 5.8 Om YM-plan i byggefasen

Ytre miljøplan skal utarbeidast i byggefasen, og starte opp slik at viktige omsyn blir med når prosjektering startar.

Ut frå omfanget av detaljreguleringsplanen er det ikkje utarbeidd noko vedlegg til detaljreguleringsplanen med innspel til kommande YM-plan.

## 6 Oppsummering

### 6.1 Innkomne merknader til oppstart

På dei neste sidene er innkomne merknader etter varsel om oppstart oppsummerte. Merknadene er kommentert i høve til korleis dei er handtert i planarbeidet.

<b>Plannavn</b>	Detaljreguleringsplan KV1133 Myrvollane til Hestdal, Meland kommune.
<b>Arealplan-ID</b>	1256 2018 0003
<b>Utarbeida av</b>	Norconsult AS
<b>Datert/Revidert</b>	Varsling om oppstart av planarbeid 04.06.2018)

Nr	Avsendar	Hovudpunkt i innspel	Kommentar
1	Fylkesmannen i Hordaland, 21.06.2018	<p>Fylkesmannen (FM) er positiv til at det vert utarbeida ein reguleringsplan for tiltaka. FM ser at det er mykje dyrka mark i området og ber om at det vert lagt vekt på verknaden tiltaka vil ha for landbruket.</p> <p>FM legg til grunn at planarbeidet vert vurdert etter forskrift om konsekvensutgreiing av planar og minner om at statlege planretningslinjer skal leggjast til grunn ved planlegging etter plan- og bygningsslova (pbl) § 6-2 andre ledd.</p> <p>Fylkesmannen har generelle innspel til meldinga om oppstart, knytt til ROS-analyse, samordna bustad, areal og transportplanlegging, folkehelse, landbruk, naturmangfald og medverknad.</p>	<p>Spørsmålet om konsekvensutgreiingsplikt er vurdert ved oppstart av planarbeidet.</p> <p>Innspelet om landbruksinteresser og den generelle opplistinga av utgreiingspunkt er ivaretekne i naudsynt grad i planforslaget.</p>
2	Statens vegvesen, 22.06.2018	<p>Hovudpunkt i innspel:                      Statens vegvesen (SV) har i tidlegare brev, datert 12.03.2018, gitt tilbakemelding om at dei ikkje har merknad til dispensasjon frå arealformål i kommuneplanens arealdel for frådelling og opparbeiding av Håtuftvegen.</p> <p>Statens vegvesen er positiv til at Meland kommune vil auke tryggleiken langs den kommunale vegen og gjennom gardstuna, samt i krysset mot fylkesvegen.</p>	<p>Framlegget til reguleringsplan er utforma i dialog med vegvesenet.</p> <p>Innspela frå SV er ivareteke i planframlegget.</p>



	<p>Mattilsynet, 17.06.2018</p>	<p>Mattilsynet ser positivt på at planarbeidet vert starta opp. Det er viktig å regulere areal for nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal for å sikre nok vatn til innbyggjarane i kommunen.</p>	<p>Til orientering.</p>
	<p>BKK Nett AS, 02.08.2018</p>	<p>Alminnelege krav til detaljreguleringplanarbeid.</p>	<p>Krava er ivaretekne.</p>
	<p>Berit Margrethe Våge, gnr 30, bnr 3, 9 og 11</p>	<p>Innspel om tilhøve som det må takast omsyn til i planarbeidet og som må ivaretakast i byggefasen.</p> <p>Frå merknaden: «...  <i>Alle veiter/grøfter og elveleie som blir berørt vert ivaretatt og dimensjonert etter dagens klimautfordringer. Grøfter som eventuelt blir skadet må utbedres av utbygger.</i></p> <p><i>Plassering av pumpekummer og trekkekummer bør plasseres på en slik måte at de eg blir til hinder/belastning for jordbruksarealene, ønsker å være delaktig i plasseringen av disse i planleggingsfasen.</i></p> <p><i>I forbindelse med ny veitrase ønsker eg også at eg kan få plassere trekkerør under veibanen for fremtidige installasjoner.</i></p> <p><i>Eksisterende tilkomstvei ned til de laveste jordbruks arealer må opprettholdes samtidig som vi må ha mulighet til å kunne kjøre på og av hovedveien langs hele veistrekningen. Ønsker et møte hvor vi kan synleggjøre hvor det er ønskelig med slik tilkomst.</i></p> <p><i>Ønsker at alle jordmasser på min eg blir lagret på angitte områder etter nærmere avtale. Overskuddsmasser likeså.</i></p> <p><i>Etter avtale med Meland Kommune skal del av eksisterende veitrase tilbakeføres til jordbruksareal.</i></p> <p><i>Busstopp, oppsamlingssted for avfall og postutlevering må etableres i den nye veitraseen. (Veikryss?)</i></p> <p><i>Tilrettelegging av vann inn/ut eg gr.nr 30 br.nr3 må ivaretas i denne bygge fasen. Når den eksisterende vannledning er koblet i eg forventer eg at båndlegging av dette arealet opphører.»</i></p>	<p>Dette er i hovudsak innspel til detaljprosjekteringa og byggefasen for både veg og leidningsanlegg.</p> <p>Behovet for dialog om løysingar i byggefasen er ivaretatt i reguleringsføresegnene og dette må ivaretas i høve til alle berørte grunneigarar.</p>
	<p>IL Kvernbit, 17.07.2018</p>	<p>Frå merknaden: «<i>IL Kvernbit har eigen gruppe med roing og segling som aktivitet. Storavatnet i Meland er suverent for roing, som rekreasjon, friluftaktivitet, trimroing og aktiv trening med turroings og treningsbåter for aktiv roing. Det er ingen andre store vatn sentralt i Nordhordlands-regionen som er betre med tanke på roing og</i></p>	<p>Denne planen vert gjort for å legge til rette for framføring av VA-leidningar og oppjustering av vegen i den forbindelse.</p>

		<p><i>padling. Her kan ein ro ca. 6 km i strekk. Dette vil og vera glimrande med tanke på trimroing og trening for aktiv roing.</i></p> <p><i>Området ved Hestdal er einaste plassen ved Storavatnet der Meland kommune eig grunn og det er veg ned til vatnet. Vi ynskjer difor at det i samband med områdeplanen blir regulert inn parkeringsplass, flytebrygge, båtslipp for robåter på tilhengjar og langnaust for kajaker, kanoer, robåtar og kajaker. For å få inn dei lengste båtane må naustet innvendig vera 18 m langt og 7-8 m breidt og ha nok plass utandørs til at båtane kan manøvrerast/berast til frå flytebrygge. Flytebryggja må vera stabil og minimum 10m lang og 2,5 m brei.</i></p> <p><i>I Nordhordland og Meland er det og aktiv padleklubb. Dersom dei skal kunne drive med flattvannspadling, med lange kajaker, 4-er kajakk, som bare er aktuelt på stille vatn, som t.d Storavatnet treng dei og langnaust. Ro og seglgruppe i IL Kvernbit og Nordhordland padleklubb kan samarbeide/ dele på bruken av langnaustet.</i></p> <p><i>Ved Hesdal er det i dag tilbod til utlån av kanoar. Desse ligg ute. Tilbodet kan utvidast med robåter. Nokre av turroingsbåtar i tre. Dei må vera i naust når dei ikkje er i bruk I tillegg til dei lengste robåtane og kajakkane, som ligger på knekter langs veggene vil det i eit langsnaust også bli plass til to, tre robåtar og kanoar for utleige/utlån pluss kajakkar.</i></p> <p><i>Vi jobbar med å få i gang uteskuleaktivitet på Storavatnet med tradisjonsbåtar, kano og kajakk. Ein god base, båthus/naust parkering, t.d og sykkelparkering for omlag 30 sykklar er og naudsynt i denne samanheng.</i></p> <p><i>Ved Rosslund skule på Vikebø ved Rylandsvatnet er det no i gang arbeid med parkering veg ned til vatnet, flytebryggje samt regulert inn plass til naust. Det er svært viktig og å få til ein tilsvarande base i austenden ved Storavatnet, grunna nærleik til Grasdal skule, skulane på Frekhaug og i Knarvik. Det er ikkje anlegg for konkurranse roing/padling det her er snakk om, men mindre anlegg for trim/treing og aktivt friluftsliv, men det og krev ein del plass.»</i></p>	<p>Planen vert laga i en situasjon der fylkesmannen ikkje godtek at naudsynt tilrettelegging for vassbehandlingsanlegg og vegopprusting vert gjort ved dispensasjon, men krev utarbeiding av ein detaljreguleringsplan.</p> <p>Reguleringsplanen er soleis ein naudsynt del av handsaminga av vassbehandlingsanlegget og det har frå kommunen si side ikkje vore lagt opp til at andre tema/areal enn vassbehandlinga og vegareal skal inngå i planen.</p> <p>Friluftsiresser og idrettslag sine interesser knytt til bruk av vatnet har difor ikkje vore tema og planavgrensinga er sett ut frå dette.</p> <p>Innspilet frå IL Kvernbit vert teke delvis til følge ved at det vert regulert inn ein parkeringsplass ved vatnet. Tilrettelegging for naust, slipp og flytebrygge ligg utanfor føremålet med planen som er veg og offentleg føremål/ vassbehandlingsanlegget. Det vil også seinke planarbeidet dersom vi skulle ta det til følge. Meland kommune har i dag utfordringar med å få levert nok vatn til sine abonnentar, og det er svært viktig at etableringa av nytt vassbehandlingsanlegg ikkje blir forseinka.</p>
	<p>Hordaland fylkeskommune, 17.09.2018</p>	<p>Fylkeskommunen minner om at dokumentasjon av kulturminne og kulturmiljø skal gjerast på eit tidleg stadium i arealplanlegginga, og ber om at eventuelle kulturminneinteresser vert omtalte verneverdiane vurderte og teke omsyn til i det vidare planarbeidet. Dersom tiltaket er i</p>	<p>Potetkjellar på gnr 30 bnr 3 regulerast til omsynssone - bevaring kulturmiljø i planen.</p>

		<p>vesentleg konflikt med regionale og nasjonale kulturminneinteresser kan Hordaland fylkeskommune vurdere å imøtegå planforslaget gjennom eit politisk vedtak.</p> <p><u>Automatisk freda kulturminne</u>                  Fylkeskommunen har utført arkeologisk registrering i planområdet juni 2018. Registrering påviste ikkje nye funn av automatisk freda kulturminne, og undersøkingsplikt etter kulturminnelova §9 vurderast å vere oppfylt.</p> <p><u>Nyare tids kulturminne</u>                  Fylkeskommunen oppmodar om at kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter mv. blir teke omsyn til for å unngå inngrep i/skade på slike. Fylkeskommunen ber om at ein SEFRAK-registrert potetkjellar på gnr 30 bnr 3 blir sikra, då den er eit kulturminne av lokal og regional interesse.</p> <p><u>Samferdsel</u>                  Fylkeskommunen er positiv til utbetring av krysset til Fv 246 i samband med detaljregulering for vasshandsamingsanlegg.</p>	
--	--	--	--

## 6.2 Innkomne merknader til offentlig ettersyn

Merknadene er kommentert i høve til korleis dei er handtert i planarbeidet.

Nr	Avsendar	Hovudpunkt i innspel	Kommentar
1	Mattilsynet, datert 19.09.2018	<p>Mattilsynet ser positivt på reguleringsplanen for å legge til rette for bygging av nytt vassbehandlingsanlegg og omlegging av Håtuftvegen i samband med framføring av VA-leidningar.</p> <p>Etter søknad frå Meland kommune godkjente Mattilsynet den 29.05.2017 i sak 2017/053099 planane for nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal.</p> <p>Mattilsynet meiner det er viktig å regulere areal for nytt vassbehandlingsanlegg på Hestdal for å sikre nok vatn til innbyggjarane i kommunen.</p>	Til orientering.
2	Statens vegvesen, datert 30.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li data-bbox="453 1906 1034 1962">1. Veglinja for Håtuftvegen må justerast før byggeplan vert lagt fram for godkjenning.</li> <li data-bbox="453 1962 1034 2080">2. Endringane i kryssområdet mellom Håtuftvegen og fv. 246 Melandsvegen er så omfattande at det er trong for gjennomføringsavtale mellom Statens</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li data-bbox="1059 1906 1377 1991">1. Dette vert justert før utarbeiding av byggeplan.</li> <li data-bbox="1059 1991 1377 2080">2. Føresegnene pkt. 2.1, andre ledd endra i samsvar med SVV sitt</li> </ol>

Nr	Avsender	Hovudpunkt i innspel	Kommentar
		vegvesen og tiltakshavar. Dei ber difor om at føresegn 2.1, andre ledd, vert endra til at både gjennomføringsavtale og byggeplan skal vere godkjent av Statens vegvesen før igangsettingsløyve kan gis. 3. Vi anbefaler at krava til vertikal linjeføring i figur E.25 vert lagt til grunn for utforming av avkjørsla, minimum i lengda til dimensjonerande køyretøy. 4. Dei ber om at logoen til Statens vegvesen blir fjerna frå teikningsheftet.	innspel. 3. Krava til vertikal linjeføring i figur E.25 vert lagt til grunn for utforming av avkjørsla. 4. Logo vert fjerna.
3	Berit Margrethe Våge, Håtuftvegen 191, datert 29.10.2018	«Ønsker på og avkjørselsvei i sørre del av min eiendom, da jeg har i dag muligheter til på og avkjørsler med traktor flere steder langs kommuneveien. Denne veien kan med enkle tiltak etableres like ved avkjørsel til Håtuftveien 191 Dette ønsket fremkommer da jeg er usikker på hvordan tilkomsten slik den er i dag, vil bli i fremtiden?»	Verknadane for landbruket er vurdert i planskildringa. Slik det er sagt der, under pkt. 5.2, vil eksisterande landbruksavkjørsler bli vidareført som i dag. Det er teke inn ei presisering i føresegnene pkt. 2.1 om at endeleg plassering av landbruksavkjørsler skal gjerast i teknisk plan, i samråd med grunneigar.
4	NVE, datert 09.10.2018	NVE prioriterer å gi innspel og uttalar til overordna planar og rettleiing/opplæring til kommunar med  store utfordringar innanfor NVE sitt saksområde. I tillegg prioriterer dei å gi uttalar til reguleringsplanar der  det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar.  I denne saka kan NVE ikkje sjå at det er bede om slik hjelp. NVE gjev difor ikkje konkret fråsegn i denne saka.	Til orientering.
5	Eldrerådet, sak 44/2018	Eldrerådet meiner at det er bra at det vert utvida kapasitet på vassforsyninga og at vegen vert utbetra/lagt om. Einstemmig vedtak.	Til orientering.
6	Utval for levekår, sak 46/2018	Utval for levekår tek informasjon om reguleringsplan for KV 1133 Myrvollane til Hestdal til vitande. Einstemmig vedtak.	Til orientering.
7	Fylkesmannen i Hordaland, 25.10.2018	«Det må stillast rekkjefølgjekrav til tilbakeføring av aktuelle deler av eksisterande veg, til landbruksareal. Det må også kome klart fram i føresegnene at matjord skal takast vare på å nyttast til jordbruk.	Det er ikkje lagt opp til at reguleringsplanen skal bestemme etterbruket av dagens veg eller eigedomstilhøva etter at



Nr	Avsender	Hovudpunkt i innspel	Kommentar
		<p>Under punkt 5.2 Landbruk står det:                      «Skjønnsmessig anslått vil tiltaket medføre eit permanent netto beslag av dyrka mark med ca 7,7 dekar.» Fylkesmannen meiner at beslag av dyrka mark skal vere konkret. Det står ikkje noko om kva kvalitet det er på jorda som vert omdisponert, om det er fulldyrka mark, overflatedyrka eller innmarksbeite. Fylkesmannen si vurdering er at ei klargjering av dette er eit minimum for vurdering av verknaden av planen for landbruket. I tillegg bør også den avbøtande verknaden av tilbakeføring av veg til dyrka mark vurderast.»</p>	<p>avtaler med grunneigarane/ grunnerverv er gjennomført for ny vegtrase. Bruken av veggrunn som ikkje lenger skal nyttast til veg og den avbøtande verknaden av tilbakeføring av veg til dyrka mark, må vurderast som del av avtalen med grunneigarene.</p> <p>Føresegnene pkt 1.3 er endra, ved at det er teke inn eit tillegg om at matjord som vert omfatta av utbygging av vassbehandlingsanlegget skal takast vare på og omdisponerast til fortsett bruk som matjord.</p> <p>Pkt. 5.2 i planskilddinga er endra, ved at det er teke inn ei nærare presisering av verknadane m.o.t beslag av dyrka mark for kvart einskild bruk.</p>
8	Jørgen Olsvoll, Håtuftvegen 280, datert 30.10.2018	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. Anlegget bør plasserast lenger vest, som vist på innsendt skisse.</li> <li>2. For stor avgrensing av vassbehandlingsanlegget.</li> <li>3. Parkeringsplassen ved vatnet bør avgrensast.</li> <li>4. Utvidinga av vegen må gjerast på ein måte som gjer at minst mogeleg jord vert råka.</li> <li>5. Jordbruksavkjørsler må sikrast.</li> <li>6. Detaljplan for drenering mv må utarbeidast.</li> <li>7. Tilhøvet til det gamle leidningsnett.</li> <li>8. Byggningsmessig utforming av vassbehandlingsanlegget</li> <li>9. Anleggs- og driftsplan</li> </ol>	<ol style="list-style-type: none"> <li>1. og 2. Den plasseringa og avgrensinga som anlegget har i planforslaget, har vore lagt til grunn til i planlegginga av nytt vassbehandlingsanlegg heilt frå starten, frå plasseringa i arealdelen til kommuneplanen, gjennom prosjekteringa og den offentlege anskaffinga av dei ulike entreprisene for bygginga av anlegget og no i planarbeidet. Det er ikkje ønskjeleg frå kommunen si side å endre lokaliseringa. Vi legg og til at ei plassering lenger vest nok vil medføre et betydeleg større inngrep i terrenget</li> </ol>

Nr	Avsendar	Hovudpunkt i innspel	Kommentar
			<p>med høge fjellskjæringar. Dei store filtertankane må transporterast inn i bygningen via gavlvegg som vender inn mot fjellskjæring. Dette medfører utsprengning av ytterlegare areal mot det høgaste fjellpartiet. To bekker vil bli berørt og dei må leggest i røyr dimensjonert for flomavrenning. Avkjøring fra veg må utvidast i høve til skisse frå grunneigar pga. regelmessig behov for levering av kjemikalier med store kjøretøy. Avgrensinga av vassbehandlingsanlegget er gjort ut frå det dette anlegget krev. Ut frå omsynet til drift og vedlikehald av anlegget, er det ikkje ønskeleg å redusere avsett areal.</p> <p>3. I planarbeidet har det kome ynskje om utviding av parkeringsplassen ved vatnet. Ut frå omsynet til dei som brukar området til friluftsliv/turområde, er det ynskjeleg med denne storleiken på offentleg parkering her.</p> <p>4. Kommunen er einig i at omsynet til jordvern er sentralt og at dette er ei av dei viktige føringane for plassering og dimensjonering av både veganlegget og vassbehandlingsanlegget. Utvidinga av vegen må gjerast på</p>

Nr	Avsendar	Hovudpunkt i innspel	Kommentar
			<p>ein måte som gjer at minst mogeleg jord vert råka, samstundes som omsynet til vegteknisk plassering av veganlegget vert ivaretatt. Dette har vore utgangspunktet for den løysinga som er valgt.</p> <p>5. Jordbruksavkjørsler vil bli sikra, jf kommentaren over til merknaden frå Berit Margrethe Våge.</p> <p>6. Detaljplan for drenering mv vil ikkje bli utarbeidd som del av reguleringsplanen. I den grad prosjektering av leidningsnett og byggeplan for vegen krev omlegging av drenering mv vil omsynet til drenering bli ivareteke.</p> <p>7. Tilhøvet til det gamle leidningsnettet vil måtte bli ivareteke utanom arbeidet med reguleringsplanen, jf pkt. 6.</p> <p>8. Bygningmessig utforming av vassbehandlingsanlegget er ikkje tema i planforslaget slik det no ligg føre. Dette vil bli avgjort i byggesakshandsaminga og naboar vil bli varsla om søknad om byggeløyve, på vanleg måte.</p> <p>9. Omsynet til berørte naboar og særleg omsynet til gardsdrifta må ivaretakast i byggefasen. Opplegget må kommuniserast ut på høveleg vis.</p>

Nr	Avsender	Hovudpunkt i innspel	Kommentar
9	Hordaland fylkeskommune, datert 30.10.2018	Planfaglege merknadar og merknadar til kulturminne og kulturmiljø, nyare tids kulturminne og naturmangfald. Konklusjon: Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknadar til planforslaget, der ein ser positivt på at ein vil betre vassforsyninga i kommunen, skape ein meir trafikksikker løysing for Håtuftvegen og leggje omsynssonar rundt kulturminna.	Til orientering.
10	Ungdomsrådet, sak 37/2018	Den nye vegen må ta hensyn til gåande.	Den nye vegen vil bli meir oversikteleg og ha ein større vegskulder enn eksisterande veg. Dette vil gjere vegen betre å ferdast langs for gåande.

## 7 Vedlegg

- Vedlegg 1: Teikningshefte teknisk vegplan, Norconsult datert 09.08.2018
- Vedlegg 2: Leidningstrasear vatn og avløp. Plassering nytt reinseanlegg for drikkevatt, Norconsult datert 09.08.2018
- Vedlegg 3: ROS-analyse, Norconsult datert 09.08.2018
- Vedlegg 4: Merknadar til varsel om oppstart av planarbeidet